



Vegen blir brei nok også for fortau

Grøfta med leidningar mellom fylkesvegen og fjorden er fullført av K. Hjelmeland frå Dimmelsvik og resultatet er ein veg som er 2 meter breiare enn den tidlegare vegen. Dermed er det faktisk plass nok til eit fortau og det bør difor kunne bli ei løysing på det som i ellefte time fortonte seg som eit økonomisk problem. Men det vil prosjektleiar Ivar Kåre Døssland ikkje kommentera førebels.

Imidlertid vil han kommentera utslippet frå det nye leidningsystemet som det er stilt spørsmål ved fordi røret endar inne på badestranda.

Døssland beroligar med å opplysa at det kjem berre overflatevatn - det vil seia reint vatn - og gjennom dette røret.

Kloakkutsleppet er kopla forsvarleg til eit separat og lukka anlegg, opplyser prosjektleiaren.

- Men hvis det frittliggjande røret som ligg ope på stranda generer nokon, kan vi sjølvstakt kamuflera det, seier han.



Arbeidet går vidare langs fylkesvegen

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen